

Møsvatn og Møsstrond


Songen om Møsstrond

Enhver som vil vide hva fjeldtrakter er,
Han reiser til Møsstrand, af dennem og lær
Der vindes ei føde ved Plog eller Harv,
Men Riflen fra Fader til Søn gaar i Arv.
Med den tar han du,
I Regnveir og Slud,
Om Hensigten lykkes det ved ene Gud.
Om sommeren trives Kvægavl ret godt,
Men ellers af Grøde da bliver det smaat.
Der bliver for lidet af Sommer hos dem,
Det meste, af Aaret i Vinter gaar hen.

O. Ramsvik.

Møsvatn

- Vasspegelen på Møsvatn og damanlegget er ein del av verdsarvområdet. Busetnaden kring vatnet, bygda Møsstrond, er såleis ikkje med.
- Mest heile Møsvatn ligg i Vinje kommune. Eigedomen Sundet høyrer til Tinn
- Kjent gjennom tidene som eit svært godt fiskevatn. Opphavleg berre aure, etter 1933 òg røye. Som i mange andre reguleringsmagasin er det no røya som dominerer
- Opphavleg tre mindre vatn: Kråmvatn, Martinsfjorden og Møsvatn
- Reguleringsmagasin for ei rekke kraftverk nedover langs Måna til Tinnsjø
- Regulert i alt 3 gonger: 1903, 1906 og 1942
- Høgaste regulerte vasstand: 918,5 m. Reguleringshøgde 18,5 m
- Noregs 4. største kunstige innsjø. Areal: $78 \text{ km}^2 - 80,9 \text{ km}^2$
- Største lengde kring 40 km
- Energiinhald tilsvarande ca. 2300 GWh. Lagringskapasitet 1 064 millionar m^3 vatn




Møsvatn og Vestfjorddalen ned mot Rjukan. Kjelde: Statens kartverk

Møsstrond

Møsstrond er ei gammal bygd og eit særprega lokalsamfunn, både i nasjonal og internasjonal samanheng. Møsvatn skjer seg langt inn i Hardangervidda – grensa til nasjonalparken er berre eit par kilometer nord for Mogen og vest for Argehovd. Langs heile den fire mil lange innsjøen er det gardar og hus, men bortsett frå busetnaden på sørvestsida av Tangen og langs Rjukanvegen, er bygda veglaus. Det er Møsvatn som bind busetnaden saman, og som er sambandet til resten av verda.

Gardane ligg opp mot 1000 meter over havet. Derfor er det fjellet og vatnet som gjennom tidene har vore livsgrunnlaget for denne busetnaden, ikkje åker, eng og skog. Likevel har dette området vore i bruk frå steinalderen og fram til i dag, og i lange periodar var det eit rikt samfunn. Og når me talar om rikdom som meir enn materiell velstand, så må me slå fast at Møsstrond framleis er ei bygd med rik kultur og kulturhistorie.

Kva er bakgrunnen for denne rikdomen? Og korleis er utsiktene for bygda i dag?



Kart over Møsvatn der registrerte kulturminne er markerte med raude prikker. Strandliner som er henta frå eit kart frå 1860 – altså før reguleringa – er lagde over eit moderne kart. Illustrasjon: Lose Loktu/Telemark fylkeskommune.

Den eldste busetnaden på Møsstrond

Dei fyrste menneska som tok i bruk ressursane kring Møsvatn og innover Vidda, kom for om lag 9000 år sidan. Dei var reinsjegerar og fangstfolk som truleg låg i fjellet i delar av året, og elles heldt seg nærmere kysten. Det er gjort mange funn av reiskap og buplassar frå ulike periodar av steinalderen (9000-1700 f.Kr.) på Hardangervidda og i fjellbygdene ikring Vidda, òg på Møsstrond. Kor viktig reinsjakta var, fortel alle fangstinnretningane som framleis er å sjå i fjellet: dyregraver, leiegjerde og bogestillingar.



Dyregrav ved Vonskin sørvest for Møsvatn. Illustrasjon fra Vaa og Bitustøy, Reinen på Hardangervidda, ISBN 978-82-303-2195-9

Etter kvart blei det fast busetjing i dalane opp mot fjellet. Alt i bronsealderen var det korndyrking på Rauland. Fiske og fangst blei kombinert med husdyrhald og åkerbruk, og det blei rydda gardar langs stredene kring Møsvatn. Eit viktig spor etter denne tidlege busetnaden blei avdekt sommaren 1959 i nærleiken av Mogen turisthytte. Då ei skuleklasse var på fjelltur fann ein av elevane ein pilspiss av jern. Arkeologiske undersøkingar året etter avdekte tufta til eit hus, datert til 500-talet.

Funnet fortel ikkje berre at det budde folk på Mogen då, men òg korleis dei levde. Ved inngangen til huset låg ein stor avfallshaug med bein av rein, hare, ørn, sau eller geit og ku. Alle leggbeina av reinsdyra var knuste. Det var vanleg for jegerane å kaste leggbeina på varmen, knuse dei og suge ut den feite, næringsrike margen.

Anna dei fann rundt denne hustufta var pilspissar, knivblad, hamar og syl, to nyklar av jern, ei beinskei og diverse brynestinar. Mellom funna var også ei grøn glasperle. Arkeologane Bente Magnus og Bjørn Myhre meiner at dette syner kor godt folk kunne ha det på Møsstrond:

Det var ikke fattige jegere som levde her. Funnene skiller seg nemlig helt ut fra det som var vanlig på ødegårdene i lavlandet lenger vest. På Mogen har folk hatt glassbeger laget ved Rhinen, og en bronsesepinssett viser at de har vært nøye med sitt utseende. Leirkarene er av den fint ornerte spennformede typen, og grove kokekar som ellers er så vanlige i hustufter fra denne tiden, finnes ikke. Funnene vitner om luksus og overskudd, og de er bevis på at fjelljakten var en innbringende virksomhet.¹

¹ Bente Magnus og Bjørn Myhre: «Forhistorien, fra jegergrupper til høvdingsamfunn» i Knut Mykland (red.), Norges historie, bind 1, Cappelen 1976

Alt då var møsstrendingane del av ein handelsøkonomi, der dei kunne byte til seg ettertrakta varer som kom frå stader til dels langt unna. På 500-talet var det ikkje berre huder og skinn frå høgfjellet som var bytemiddel, men òg jern.




Inste delen av Møsvatn sett frå Briskejuvet, vestover mot Kvenna, fjellet Argehovda, garden Argehovd og garden Mogen, der turisthytta ligg. Nærare kamera: garden Lii. Foto: DNT

Jernvinna

Jernvinna (produksjonen av råjern gjennom brenning av myrmalm) på Hardangervidda tok truleg til på vestsida, kanskje så tidleg som ved starten av tidsrekninga vår, i følgje dateringar av trekol i slagghaugar frå Sysendalen i Eidfjord. På Møsstrond starta jernvinna kring 500 e.Kr. – altså i same perioden som hustufta ved Mogen er frå – og auka på ut mot vikingtida og mellomalderen. Produksjonen må mest seiast å ha vore industriell: mellom år 950 og 1150 kan dei ha tilverka så mykje som 10 tonn jern i året.² Det var sjølv sagt langt meir enn lokalsamfunna kring Møsvatn hadde bruk for. Framleis er det mykje ein ikkje veit om den økonomiske organiseringa, eigartilhøva, transporten og marknaden, men jernet var utvilsamt ei viktig eksportvare som gav fjellbygdene tilgang på varer dei ikkje kunne produsere sjølv, slik som korn, salt og luksusprodukt.

² Irmelin Martens, Jernvinna på Møsstrond i Telemark. En studie i teknikk, bosetning og økonomi. Universitetets Oldsaksamling 1988



Irmelins Martens leia mange viktige utgravingsprosjekt på Møsstrond på 1960- og 1970-talet. Her i feltarbeid med ein omn for jernbrenning. Foto: Bjørn Lien/NRK

700 år tok det før denne inntektskjelda traut. Mange stader heldt jernvinna av myrmalm fram til Svartedauden (1349-50), men på Møsstrond tok produksjonen slutt kring år 1200.

Svartedauden

Den store og ekstremt dødelege pandemien som herja i Europa frå 1357 til 1351 blei kalla Svartedauden eller Stormannadauden. Til Noreg kom pesta i 1349, spreidde seg utruleg raskt og tok med seg om lag halvparten av alle som budde i landet, i by og bygd. Pesta blei ofte framstilt som ei kone som kom til gards med ei rive og ein sopelime. Der ho brukte riva, var det nokon som overlevde; men der ho sopa med limen strauk alle med.

På Møsstrond brukte ho sopelimen. Etter segnene blei ingen sparte på dei einbølte og spreidde gardane innunder høgfjellet. Bygda blei heilt avfolka, og først i andre halvparten av 1500-talet tok dei til att med bureising på dei gamle tuftene.³

Førnesbrunen

Mange segner rundt om i landet fortel om Svartedauden, og handlar ofte (som segna om Jostedalsrypa) om den eller dei siste attlevande i ei bygd. På Møsstrond var den siste attlevande hesten på Førnes.

I stormannadauden døydde det ut ein etter ein på Møsstrond, og liki vart førde heim til Rauland. Paa Førnes hadde dei ein brun hest som var vitug som eit menneskje. La dei liki paa han eller spende han for liksleden, rugga han paa sine trugar heimsvi Falkeriset sjølvstyrd. Paa Rauland tok dei i mot og dimed snudde dei han, og av sjølve seg gjekk han uppyvi att til Møsstrond. Soleis gjorde han mange ferdir um vetteren.

Seinste venda miste han trugen medan han var på hægste riset. Daa kneggja han so hardt at det høydest heim til Rauland, og so kom folk og saag etter han. Dei fann han, han hadde sett til i ein snjoskavl. Dei fekk hest og lik heim til Raulands kyrkje. Liket la dei i kyrkjegården, og Førnesbronen grov dei ned ovanfor kyrkjemogen, i ei dokk som no heiter «Hestedokki».

Dei spelar enno ein slaatt dei kallar «Førnesbrunen», der du liksom kan fylgje ferdi hans.

(Oppskrift etter Rikard Berge)

3 Rikard Berge, Vinje og Rauland bind 1, s. 116, Stavanger 1944



Segna om Førnesbrunen har vore produktiv i mange hundre år. Joleftan 1989 sende NRK ei lita filmforteljing tufta på segna og slåtten. Namnet på hesten som spela Førnesbrunen er ukjent, men Annbjørg Lien spela slåtten.
Foto: NRK

Her må me leggje til at det òg kan ha vore andre årsaker til avfolkinga av Møsstrond. Etter 1350 stod det att mange tomme, eigarlause gardar att i dei fleste bygdene. Det er mogleg at dei som eventuelt berja seg for pesta på Møsstrond, valde å flytte frå fjellet og til «ledige» gardsbruk andre stader.

Rike naturressursar

Det var tilgangen til dei rike naturressursane som på ny fekk folk til å taka i bruk dei gamle gardane på Møsstrond: det sikre og gode aurefisket, og fjellviddene med rein, rype og husdyrbeite. Etter at brenninga av myrmalm var erstatta av gruve drift og store jernverk rundt om, var huder, skinn, pelsverk og kjøt etter den viktigaste handelsvara for fjellfolket. Men ressursane var spreidde og gav ikkje grunnlag for like stor busetnad som då jernvinna var på sitt høgste. Stutte somrar gjorde det ofte vanskeleg å få til moge korn, og då måtte møsstrendingane kjøpe mjøl til grauten og salt til maten elles. Utover på 1800-talet dyrka dei jordeple (potet) og kålrot, men føda var i hovudsak kjøt og fisk. Ein vegetarianar ville hatt lite å leva av på Møsstrond!

Falkefangst

Bruken av rovfuglar som jaktreiskap (*falkoneri*) er svært gammal og har vore kjent og praktisert over store delar av verda. Falkar, haukar og kongeørn kan trenast til å fange småvilt og andre fuglar, men først må rovfuglane fangast sjølve. I Noreg er denne fangsten omtala alt i Gulatingslova frå vikingtida (900-talet), knytt til grunneigarretten. I mellomalderen blei retten til jaktfuglar overført til kongen gjennom Magnus Lagabøtes landslov (kring 1275).

Det er drive falkefangst i stort omfang i norske fjellområde og langs kysten gjennom mange hundre år. I den første perioden var fangstmennene norske; sidan overtok dei tyske hanseatarane både fangst, trening og sal av jaktfuglar, og etter reformasjonen var det helst hollendarar som hadde løyve (*privilegium*) frå kongen i København til å drive med falkefangst i Noreg. Både løyvet og profesjonen gjekk ofte i arv frå far til son i generasjonar.

Mellan Møsstrond og Rauland er eit høgdedrag som heiter Falkeriset. Her, kring Falkenibba, er det funne rester etter anlegg frå falkefangsten, sett opp og nytta av hollandske fangstfolk på 1700-talet. Då gjekk heile denne jaktteknikken mot slutten. Jaktfuglane var ekstremt dyre: omrekna i vår tids valuta kosta ein trenat jaktfalk 80-90 000 kroner. Interessa for falkejakt ved europeiske adelshus og hoff gjekk ned, og fangsten blei avvikla på 1800-talet.

Det fekk ikkje så mykje å seia for Møsstrond, Rauland og andre fjellbygder, som hadde vore lite innblanda i

falkefangsten. Men med andre rammer for ressursutnyttinga kunne det ha vore annleis – då kunne bygdene sjølvé hatt att noko av dei verdiane som i staden skapte velstand i Tyskland og Holland. Derfor er kulturminna som er knytte til falkefangsten også bilete på ei tid då Noreg var ein koloni.

Ressursar til sals

Fram mot nyare tid, og særleg i siste halvdelen av 1800-talet, auka interessa utanfrå for ressursane i fjellet. Bønder frå andre bygder kjøpte eller leigde fjellbeite, rikfolk frå byane kjøpte store eigedomar for å kunne drive jakt og fiske på fritida, andre investorar kjøpte eigedomar for å drive med tamrein, og industriinteresser tok til å kjøpe fallrettar for å byggje ut vasskraft.

Kvifor selde mösstrendingane eigedomane sine? Kanskje fordi det var den einaste måten dei kunne få del i den veksande pengeøkonomien og velstanden på. Øystein Kostveit skildrar det slik: «Mismot hadde breidd seg, og folk lét seg lokke av pengar. Dessutan kunne dei framleis bruke gardane, med både jakt og fiske, om dei ikkje var sjølveigarar. Men salet av jordi hadde nok likevel svekt næringsgrunnlaget.»⁴

Salet av fallrettar svekte i utgangspunktet ikkje næringsgrunnlaget, og då oppkjøparane melde si interesse, fekk dei ofte tilslaget for det me må kalle småpengar. Men etter tradisjonen var det ikkje alle som let seg overtale. Då det kom ein kar til garden Argehovd innanfor Mogen og ville kjøpe retten til Argehovdfossen i Kvenna, svara Nils og Olav Argehovd: «Anten vil me hava hundre tusen hellå ein million. Forresten kan fossen renne som'n heve runne.»⁵



Argehovdfossen i Kvenna. Foto: DNT

Slik gjekk det med den handelen, og i dag er fossen og heile Kvenna-vassdraget freda. No gjeld det strenge reglar for å få løyve eller konsesjon til å regulere vatn og vassdrag til kraftproduksjon. Alle føremonar og ulemper skal kartleggjast og vurderast, ikkje minst dei langsigktige verknadene på naturmiljøet. Berre dersom den samfunnsmessige gevinsten blir rekna som større enn ulempene, kan det gjevast konsesjon.

4 Øystein Kostveit, Fjellbygdi ved Møsvatn, Landbruksforlaget 2000

5 Øystein Kostveit, op.cit.

Men kring det førre hundreårrskiftet var det ikkje slike reglar. Etter kvart som den tekniske utviklinga gjorde at elektrisiteten blei teken stadig meir i bruk i industrien, blei dei rike vasskraftressursane i Noreg svært interessante for kapitalsterke næringsinteresser. Mange av dei var utanlandske. Samuel Eyde, som hadde kjøpt opp fallrettar i Telemark i 1890-åra, gjekk i hop med svenske og franske investorar for å setje dei store planane om industriell framstilling av nitrogen (kvelstoff) ut i livet. Lokaliseringa av Norsk Hydros fabrikkar på Notodden og Rjukan var heilt og fullt knytt til behovet for liten avstand til kraftverket. Det var enno ikkje teknisk mogleg å overføre elektrisk straum over større avstandar utan eit vesentleg tap, kanskje på 20-30 prosent.

Reguleringa av Møsvatn

Reklameskilt frå Norsk Hydro

«Langt, langt inne på Hardangervidda, der Østland og Vestland glir umerkelig over i hverandre, hentet Rjukanfossen gjennom uminnelige tider sine veldige krefter. I kåte sprang nedover fjellsidene, i fredfull ro fram gjennom viddas lyng og vidjekjerr bruser og sildrer de mange fjellbekker fram til Rjukans forrådkammer: Møsvann. Den samme vei i dag som i går, i år som for tusener av år siden. Kun er Møsvannet blitt større, videre og dypere, for nede ved utløpet er bygget den store Møsvanndammen som evner å holde tilbake nesten 800 mill. kubikkmeter stor vannmengde. I passe porsjoner slippes vannet nu inn gjennom tunneler og ned gjennom turbinrør og avgir sine mektige krefter til turbinene, gang på gang, på sin vei nedover mot dalen og fremover mot havet.»

Grunnlaget for at Norsk Hydro bygde ein industriby i Vestfjorddalen, var altså fallhøgda mellom Møsvatn og Vemork. Med andre ord føresette denne satsinga at Møsvatn blei regulert til kraftproduksjon. Denne utbygginga skjedde like før Stortinget i 1906 vedtok «i hui og hast» eit lovverk som blei kalla panikklovene, og dermed sikra styresmaktene vesentleg sterkare kontroll over vasskraftreguleringar. Panikklovene blei etter mykje politisk strid erstatta av industrikonsesjons- og vassdragsreguleringslova i 1917. Utgangspunktet med dette lovarbeidet var å sikre at overordna interesser som lokalsamfunn og naturverdiar ikkje skulle bli offer for privat spekulasjon og overtakast av utanlandske kapitalinteresser. Utgangspunktet var at «Landets vannkraftressurser tilhører og skal forvaltes til beste for allmennheten», som det heiter i føremålet for dagens lov.



Den gamle og den nye møsvassdammen. Foto: ØTB

Men konsesjonslovene kom litt for seint til at dei kunne sikre interessene til den vesle fjellbygda Møsstrond i det veldige industriprosjektet på Rjukan. Etter to reguleringar blei vasspegen auka med 12 meter. På gardane fløynde vatnet inn over åker og eng, og hus måtte flyttast eller bli neddemde. Dei små innmarksareala blei endå mindre, utan at eigarane fekk rimeleg kompensasjon for dette varige verditapet. Gyteplassane for auren og dei gode fiskegrunnane blei for ein stor del øydelagde, og etter kvart var det røya som dominerte i den store innsjøen. Ferdsla på vatnet blei vanskelegare, særleg ved at periodane med utrygg is blei lenger både om våren og hausten.

I 1942 fekk Øst-Telemarkens Brukseierforening (ØTB), der Norsk Hydro er den største parten, løyve til å auke reguleringshøgda med 4 nye meter. Denne reguleringa var konsesjonspliktig, og blei stadfest av regjeringa i 1947. ØTB måtte yte grunneigarane vederlag for ulempene og følgje reglar som styresmaktene fastsette for fylling og tapping av magasinet. Denne konsesjonen galdt fram til ein ny, tidsavgrensa konsesjon blei gjeven i 2015, med strengare manøvreringsreglar og eit næringsfond som skal nyttast til tiltak på Møsstrond, etter reglar vedtekne av Vinje kommune.

Samfunnet og kulturen

Det er segner om fleire kyrkjer på Møsstrond, frå den tida busetnaden skal ha vore mykje større enn i dag. Men dersom ein kan lite på segna om Førnesbrunen, kan det snautt ha vore kyrkje i bygda på 1300-talet. Det var ikkje før i 1845 at kyrkjedepartementet etter framlegg frå presten i Vinje vedtok at det skulle byggjast ei kyrkje på garden Kollinghovden «til Afbenyttelse for Møsstrandens District». Til det nye soknet hørde dei gardane på Møsstrond som tidlegare hadde sokna til ulike kyrkjer i Rauland, Tinn og Seljord. Prestane i dei tre herada (kommunane) skulle syte for i alt fire messer i året. Kyrkja på Hovden, som før reguleringa var fastland og lett tilgjengeleg, stod ferdig og blei innvigd i 1849.

Før dette var Vinje og Rauland ein kommune og eitt prestegjeld, med i alt tre kyrkjer. Så blei det på to år bygd nye kyrkjer på Hovden og i Grungedal. Fem kyrkjer med til dels lange reiser mellom kvar, det blei for mykje for Vinje-presten. Gjeldet blei dela, og dermed òg heradet. Frå 1860 til 1964 var Vinje og Rauland kvar sin kommune.



Møsstrond kyrkje

Møsstrond kyrkje brann ned i 1919, og fire år etter stod der ei ny kyrkje på Hovden. Like innmed var det ei skulestoge, bygd i 1869, som òg var hus for presten når han vitja soknet. Etter kvart blei skulen bygd ut med internat, der elevane budde heile skuleåret frå dei var sju år gamle. Drifta på skulen tok slutt i 2002, fordi det ikkje var att elevar i den veglause delen av bygda. No går alle borna frå Møsstrond på Rauland skule. Men på Hovden er framleis dei to viktigaste møtestadene for møsstrendingane: kyrkja og samfunnshuset.



Internatet og samfunnshuset på Hovden, ein konfirmasjonsdag 1979

Alle samfunn treng slike møtestader der fellesskapet kan utviklast i arbeid, høgtid og fest, i glede og sorg. Det spennande med Møsstrond er at sjølv om bygda er marginal i mange tydingar, ein utkant i utkanten, så forvaltar ho sterke tradisjonar, særleg innanfor folkekulturen. Segntradisjonen er alt nemnt, men òg folkemusikken har grodd uvanleg godt her oppunder høgfjellet.

Den aller fremste av folkemusikkarane frå Møsstrond var spelemannen Håvard Gibøen (1809-1873). Saman med Myllarguten (Tarjei Augundsson, døypt 1801, død 1872) var han den mest markante skaparen og utøvaren av

slåttespel på hardingfele på 1800-talet. Han har i høg grad prega folkemusikken både i Aust- og Vest-Telemark, særleg gjennom tradisjonslina via læreguten Knut Dale i Tinn og vidare til sonesønene Knut, Johannes og Gunnar Dale. Slåttestoffet etter Håvard Giboen har også – liksom materialet etter Myllarguten – sett spor etter seg i kunstmusikken: komponisten Johan Halvorsen skreiv ned Giboen-slåttar etter Knut Dale, og Edvard Grieg arrangerte dei for klaver i samlinga Opus 72.



Håvard Giboen er gravlagd ved kyrkja på Hovden. Foto: Bjørn Lien/NRK

Sonen til Håvard, Kjetil Håvardsson, var også ein god spelemann som førde slåttane etter far sin vidare, ikkje minst til ei rekke gode spelemenn på Møsstrond, som sonen Knut Kjetilsson, og i nyare tid Trygve O. Vågen, Lars Larsen og Trygve K. Vaagen, for å nemne nokre av dei som har markert seg mest.

Kvar song ei soge

Spelemannen Trygve K. Vaagen var også med i dokumentaren *Kvar song ei soge*, som filmprodusenten Aaslaug Vaa lanserte i 2016. Men i denne filmen var det *kvedinga* på Møsstrond som stod i sentrum: korleis songen framleis var ein del av kvardagen og livet for gamle og unge i bygda, for den einskilde og i fellesskapet med andre. Kritikaren Inger Merete Hobbelstad i Dagbladet sa det slik:

«Dette må være et av de næreste nærmiljøene jeg har sett på film. Dokumentaren «Kvar song ei soge» tar seeren med til grena ved Møsvatn, nær Hardangervidda, der en lokal kvedetradisjon har overlevd i hundrevis av år. For mennene og kvinnene som er intervjuet av regissør Aaslaug Vaa, er kvedingen en naturlig måte å gi uttrykk for følelser på, for sorg og kjærlighet, så vel som småpikante røverhistorier. De forteller om forholdet sitt til det de synger, og fremfører forskjellige kvad. Sterkest er nok scenen der en bestefar synger kvadet han laget til et tapt barnebarn. Forklaringene hans før og etter er knappere enn det som kommer frem i tonene.»

Filmen tok sikte på å teikne eit ærleg bilet, både av stoda for kvedartradisjonen i dag og av framtidutsiktene. Regissøren fekk fram kor viktig kulturen er for det lokale fellesskapet på Møsstrond, og kor viktig denne vesle fjellbygda er som berar av ein heilt spesiell fasett i den breiare norske kulturen. Det er ein lagnadsfellesskap: utan kulturtradisjonane risikerer bygdesamfunnet å forvitre; og utan bygda – folket og landskapet – kan heller ikkje kulturtradisjonane overleva anna som rester og fragment. I både tilfelle vil viktige kvalitetar gå tapt.

Kvar song ei soge fekk gode kritikkar og blei nominert til Amanda-prisen i klassa for beste dokumentar. Dei som medverka var Birgit Landsverk, Britt Karin og Halvor Nordjordet, Einar Øverbø, Hillborg Romtveit, Inger Lien, Jarle Nordjordet, Jon Inge Øverbø Særsland, Kjell Hove, Lars Erik Skjøtskift Øygarden, Marthe Nordjordet, Ragnhild Øverbø Særsland, Randi Øverbø Hove og Trygve Vågen.

Framtida

I dag er heimane på Møsstrond like moderne som andre stader. Etter ei avtale mellom ØTB og Vinje kommune er det bygd moloar og båtramper til alle dei veglause brukar, og raske snøskuterar og båtar syter for å transportere folk og varer over vatnet på stuttare tid enn nokon gong før. TV, breiband og telefoni knyter Møsstrond digitalt til resten av verda, og mange møsstrendingar har arbeid utanom bygda.

Men i høve til alle politiske og økonomiske sentra er Møsstrond framleis ein utkant, og representerer ein alternativ måte å leva på. Eit mindre urbant miljø finst snautt i Noreg. Her i fjellet er naturelementa sterkt til stades heile året, og den inste delen av bygda er stadig isolert i periodane når isen legg seg om hausten og før han reiser om våren.

Med rette har møsstrendingane vore stolte av heimstaden, levemåten og kulturen sin, og med seig vilje til å overleva har bygda stått seg mot så vel ein krevjande natur som åtak frå kommersielle krefter og interesser i storsamfunnet.



Kulturberarar frå Møsstrond: Arkitekten og kunstnaren Sven Poulsen og kvedaren Inger Lien på opninga av Skinnarlandssamlinga på Rauland sommaren 2015, der Sven Poulsen stilte ut eigne arbeid, mange med motiv frå natur og kultur i heimbygda. Foto: Kjell Bitustøy/VTB

Busetnaden på Møsstrond er tufta på naturressursane: jakt og fangst, husdyrbruk og fiske. I det seinare har òg turismen blitt ei stadig viktigare inntektskjelde. Men sesongen er stutt både for graset og reiselivet, og vilkåra for landbruket er krevjande. Landbrukspolitikken er òg med på å avgjera lønsemada for gardane på Møsstrond, og den har sjeldan vore til føremon for små bruk i distrikta. I dag er det att få som driv med husdyr, og folketalet har minka frå 166 i 1999 til 122 i 2017⁶.

Vasspegelen på Møsvatn er ein del av Notodden og Rjukan verdsarvområde, men det stoppar ved høgste regulerte vasstand, 918,5 meter over havet. Ikkje noko av Møsstrond blei med, av respekt for dei som bur der. Erfaringane dei har med tiltak for å verne naturen dei lever av, har skapt ein motvilje mot sentralt vedtekne reglar og ordningar.

Likevel er det von om at UNESCO-statusen òg kan gjeva føremonar for dei som bur langs vatnet. Soga om den vesle og spesielle bygda som ofra så mykje for industrialiseringa av Noreg og fekk så lite att, er ein del av historia om industrieventyret. Det skulle berre mangle at storsamfunnet no legg til rettes for å sikre næringsgrunnlaget og busetnaden på Møsstrond, for å berje ein del av det kulturelle mangfaldet me seier me er så stolte av, og for å ta vare på evna til å nytte ressursane våre over heile landet på ein berekraftig måte.



Del av verdsarven Møsvatn, sett vestover. Holvik til høgre. Foto: Randi Berdal Hagen/VTB